KVINNHERAD KOMMUNE

Folkemøte- ideverkstad

Sunde 04.06.19

Referat

Oppdragsnr.: 5193079 **Dato: 2019-08-09**

Norconsult

Oppdragsgjevar:	Kvinnherad kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson:	Anne Lise Næs
Rådgjevar	Norconsult
Oppdragsleiar:	Mona Hermansen
Fagansvarleg:	Kjell- Ove Hjelmeland
Andre nøkkelpersonar:	Aashild Lauvsnes Øren

Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent
01	2019-08-09	Referat folkemøte - ideverkstad	MoHer	Aaol	MoHer

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhald

1	**Innkalling**		**4**
	1.1	Innkallingstekst	4
	1.2	Inviterte	4
	1.3	Agenda	5
	1.4	Fokus	5
	1.5	Frammøtte/ grupper	5
	1.6	Opplegg/ metode	6
2	**Om referatet**		**7**
3	**Referat – bord 1: Å leve på Sunde**		**8**
	3.1	Styrker (kva er bra)	8
	3.2	Svakheiter (Kva er mindre bra)	10
	3.3	Moglegheiter	11
4	**Referat – bord 2: Å ta vare på Sunde**		**16**
	4.1	Styrker (kva er bra)	16
	4.2	Svakheiter (kva er mindre bra)	17
	4.3	Moglegheiter	18
5	**Referat – bord 3: Trafikk**		**23**
	5.1	Styrkar (Kva er bra)	23
	5.2	Svakheiter (Kva er mindre bra)	24
	5.3	Moglegheiter	25
6	**Referat – bord 4: Bustad og næringsliv**		**28**
	6.1	Styrkar (kva er bra)	28
	6.2	Svakheiter (Kva er mindre bra)	28
	6.3	Moglegheiter	30
7	**Referat – bord 5: Draumestaden**		**33**
8	**Andre opplysningar i samband med folkemøtet**		**39**
	8.1	Sunde kyst- og litteratursenter	39
	8.2	E-post med innspel	39
9	**Oppsummering**		**40**
	9.1	Oppsummering styrkar og svakheiter ved Sunde	40
	9.2	Oppsummering moglegheiter på Sunde	40
	9.3	Avsluttande kommentar	42

1 Innkalling

1.1 Innkallingstekst

SUNDE
FOLKEMØTE – IDEVERKSTAD 4. juni 2019

FOKUS SUNDE!

Sunde skal vidareutviklast som ein attraktiv tettstad. Kvinnherad kommune skal utarbeide ei områderegulering for Sunde tettstad og vi treng di hjelp!

Eit levande lokalsamfunn har attraktive stader, og eldsjeler/ressursar som står på. Dette kan vere enkelt, men samstundes kan det være noko krevjande å få til. Kommunen, og plankonsulenten Norconsult, inviterer deg og dine til folkemøte med ideverkstad der vi set fokus på:

1. Korleis kan Sunde bli meir attraktiv?
2. Korleis kan vi mobilisere gode «ressursar» på Sunde framover?

Me håpar du vil bidra til eit enno betre lokalsamfunn på Sunde, og at du kan sette av ei tidleg kveldsstund i juni til å bidra!
Me tilbyr ein aktiv og interessant kveld – som startar med betasuppe klokka 16.30, og er ferdig i god tid før 21-nyheitene!

Kvar og når: Sunde skule tysdag 4. juni 16.30 (17.00) – 20.15
Korleis:

1. 16.30 – 17.00 Betasuppe og kaffi (dersom du rekker det)
2. 17.00 – 17.15 Velkommen og informasjon om planarbeidet
3. 17.15 – 20.00: Gruppearbeid
   Etter den såkalla «kafé-metoden», og med kaffi/pause undervegs:
   Dette vil sei at vi deler inn i grupper som flytter seg rundt og arbeider i 30 min. om gangen med litt ulike tema/vinklingar. Stikkord: tilgang til sjø, møtestader/aktivitetar, moglegheiter for næringsliv og offentlege tenester, utbygging/vern, trafikkutfordringar m.m. I heile runden prøver vi å gjere innspela konkrete, dvs. plassere aktivitetar og eldsjeler/ ressursar/ organisasjonar på konkrete stader på kartet, og teikne litt der det er mogeleg!
4. 20.00 – 20.15: Avslutning og oppsummering

Påmelding: Av omsyn til tinging av mat, til lokale og organisering av kvelden, ber vi om ei enkel påmelding innan 30.mai til mona.hermansen@norconsult.com der du opplyser om 1. Namn, 2. Alder 3. Om du representerer ein organisasjon, et lag, ein bedrift, etat mm. og 4. Om du vil ha betasuppe!

Hjarteleg velkommen!

1.2 Inviterte

Det vart annonsert i Kvinnheringen at det skulle vere folkemøte- ideverkstad på Sunde skule den 4.juni og vist til kommunen si internettside for meir informasjon. På kommunen si internettside låg innkallingsteksten vist i kap. 1.1. Samstundes vart innkallingsteksten i kap. 1.1 sendt ut til interesseorganisasjonar, foreiningar og næringsliv på Sunde/ i Kvinnherad. Det vart etter kvart oppmoda om å vidareformidle innkallinga til andre for å sikre at det kom nok folk på møtet.

1.3 Agenda

- **16.30 – 17.00 Betasuppe og kaffi**
- **17.00 – 17.25 Informasjon om planarbeidet**
- **17.25 – 20.00: Gruppearbeid**
  - **1725 - 1730 Innleiing v/ Kjell Ove Hjelmeland**
  - **1730 - 1800: Gruppearbeid 1**
  - **1800 - 1805: Minipause/ Beinstrekk…**
  - **1805 - 1830: Gruppearbeid 2**
  - **1830 - 1845: Pause**
  - **1845 - 1910: Gruppearbeid 3**
  - **1910 - 1935: Gruppearbeid 4**
  - **1935 - 2000: Gruppearbeid 5**
- **2000- 20.15: Avslutning og oppsummering**

1.4 Fokus

Forut for idedugnaden vart det definert eit fokus, dvs. ei problemstilling som fortalde kva ein ønska å oppnå med idedugnaden/ folkemøtet. Fokus for idedugnaden var:

Korleis kan vi:

- *utvikle Sunde gjennom å **byggje** - til dømes møteplassar, strand-promenade, fortau, bygg og bustader, næringsverksemd osb. - og på same tid **ta vare på** det beste av natur, kulturminne, nærmiljø, friluftsliv og landskap?*
- *få det (beste av dette) **verkeleggjort, brukt og stelt** - gjennom eldsjeler, dugnadsvillige, organisasjonar, private verksemder og det offentlege?*

1.5 Frammøtte/ grupper

Av organisasjonar og bedrifter var følgande påmeldt:

- Sunde grendalag
- Sunde kyst og litteratursenter
- Sunde skule
- Sunde barnehage
- FAU Sunde barnehage
- Kvinnherad turlag
- Sunde bygg
- Sunde gard (driv hesteskule)

Kommunen var representert ved:

- Kjartan Thoresen, Avd. leiar Plan
- Anne Lise Næs, Plan
- Hildegunn Furdal, Kommuneplan
- Lene Gjuvsland Skjelnes, Kommuneplan
- Kristian Helgesen, Plan (Idrett og folkehelse)

- Per Inge Naterstad, Eining for veg og park
- Anita Lykkja, Kultur

Norconsult var representert ved:

- Kjell- Ove Hjelmeland, prosessleiar for folkemøtet
- Mona Hermansen, oppdragsleiar for områdereguleringa på Sunde
- Aashild Lauvsnes Øren, assisterande oppdragsleiar for områdereguleringa på Sunde

I tillegg kom det ein god del privatpersonar på møtet. Det var om lag 40- 45 personar til stades.

1.6 Opplegg/ metode

Det vart nytta ein såkalla «kafemetode». Dei frammøtte vart delt inn i 5 grupper som rullerte rundt på 5 ulike bord. Ved kvart gruppebord satt det ein kafévert som rettleia gruppene og noterte ned det som vart diskutert. Dei 5 gruppeborda var:

- Gruppebord 1: «Å leve på Sunde». Kafévert: Hildegunn Furdal
  Møtestader, friluftsliv/fellesaktivitetar, strandsone, turtrasear, leikeområde, båtliv, kulturliv, fellesaktivitetar, skule, barnehage - korleis kan vi betre tilhøva?

- Gruppebord 2: «Å ta vare på Sunde». Kafévert: Anne Lise Næs
  Kva bør ein ta vare på og vidareutvikle/ bygge vidare på - kulturminne/ bevaring (vern gjennom bruk?), identitet, naturvern, historiske plassar, stadnamn, osb.

- Gruppebord 3: Trafikk. Kafévert: Per Inge Naterstad
  Kollektiv, gang/sykkel, tryggleik, parkering, næringsområde/-bygg, varelevering, korleis kan vi betre tilhøva?

- Gruppebord 4: Bustad og næringsliv. Kafévert: Kjartan Thoresen
  Korleis er tilhøva i dag? Treng vi fleire bustader og arbeidsplassar, og kor?

- Gruppebord 5: Draumestaden. Kafévert: Mona Hermansen
  Kva er draumestaden/ idealet, og korleis/kan draumestaden - eller det beste derfrå - verkeleggjerast på Sunde?

På kvart bord fekk ein 5 minuttar til å tenkje over problemstillinga. Deretter vart det for kvart tema gjennomført ein kort SWOT-analyse:

- Styrkar (kva er bra i dag)
- Svakheiter (kva er mindre bra i dag)- og evt. mogelege trugsmål i framtida
- Moglegheiter – korleis betre tilhøva

For gruppebord 5 vart det litt meir fritt opplegg enn for dei andre- med mål om å få med seg kreative ønsker og løysingar som ikkje vart faga opp av dei meir definerte temaene.

Det vart på kvart bord utlevert kart til å teikne på.

2 Om referatet

Det er samla svært mykje materiell frå ideverkstaden og i dei følgjande kapitla gir ein samanfatning av dette.

For oppgåva «Styrker» og Svakheiter» er det for enkelheit skuld gjort ei samla samanfatning av alt som er kome fram på det aktuelle kafébordet (i staden for å referere alle grupper som har vore innom bordet). For oppgåva «Moglegheiter» er kvar gruppe som har vore innom bordet presentert i referatet.

I referatet er det brukt mange stadnamn eller kallenamn på stader. For at dei som ikkje er så kjend på Sunde og skal kunne forstå referatet er dei mest brukte namna tatt med på kartet nedanfor.

Figur 1: Stadnamna/ kallenamna brukt i referatet, innteikna på kartutsnittet nytta under idedugnaden. (Det er også brukt nokre stadnamn som fell utanfor utsnittet).

Figur 2: Det var stort engasjement på idedugnaden

3 Referat – bord 1: Å leve på Sunde

Møtestader, friluftsliv/fellesaktivitetar, strandsone, turtrasear, leikeområde, båtliv, kulturliv, fellesaktivitetar, skule, barnehage - korleis kan vi betre tilhøva?

3.1 Styrker (kva er bra)

- Båtliv, båthamn
  - Maritimt miljø, kystkultur
  - Nærleik til sjø, båthamn, gode båt tilhøve, båtliv
  - Strandsone
  - Rett ut til eit av dei finaste hamnebassenga/ skjergarden i Sunnhordland med flotte øyar.
  - Flott innsegling frå hamnebassenget

- Natur:
  - Flott natur
  - Nærleik til turterreng. Turområde: masse stiar (eiga prosjekt, eiga internettside). Turveg gjennom Slettestølen ned til Podlen.
  - Har både nærturområde og utfartsområde med bil
  - Topografi og nærleik til mykje
  - Fin utsikt mot fjell og sjø
  - Trollskogen (sti i skog med troll, bålpanne, gapahuk)

- Funksjonar:
  - At ein har skule og barnehage på Sunde
  - At skulen, barnehagen og båthamna ligg i sentrum
  - At skule og barnehage er samla (gir blant anna enkel overgang mellom barnehage og skule)
  - Kort skuleveg
  - Parkeringsplass ved skulen
  - Landbruk (småbruk). Husdyr
  - Landbruk og tett busetnad tett i tett
  - Kystlitteratursenteret (Bergslagen), Grendalaget, dykkeklubb, Husflidslag, Opsangervågen kystlag, båtlag, bedehus, kunstnarmiljø (gryande. Har skrive mykje bøker om historia på Sunde)
  - Lag og organisasjonar, stor frivilligheit
  - Industriarbeidsplassar/ næringsverksemd
  - Opsanger industriområde er eit godt industriareal
  - Rideskule/ Ridemiljø som er veksande
  - Vågeminne

- Estetikk og særskilte kvalitetar
  - Fint i Sunde sentrum. Stort ubrukt potensiale
  - Fin plass, fine bygg
  - Trygt og fritt, for liten og stor
  - Roleg og fredeleg
  - Nært og triveleg
  - Mykje sol

  - Historie som skapar identitet (skulen er flinke). Dette skiljer Sunde frå andre stadar.
  - Intim, tett bygd
  - Relativt spreidd busetnad som gjev luft
  - Høg standard

- Menneska
  - Godt samhald og naboskap. «Alle kjenner alle»
  - God blanding av gamal og ung
  - Samansett befolkning
  - Godt skulemiljø
  - Ein satsar på ungane
  - Pensjonistar i Bergslagen
  - Folk steller det fint rundt seg

- Aktivitetar
  - Festivalar, Kystkulturdag, Sundesprell
  - Fellesaktivitetar
  - Sunde skule er ein aktivitetsstad også på fritida

- Geografi/ kommunikasjon
  - Passeleg sentralt, både i kommunen og i regionen Sunnhordland
  - Stor områderadius. Kort avstand til det ein treng
  - Positivt at ein har Husnes i nærleiken som gir andre bukvalitetar
  - Snøggbåtanløp/ - terminal. Kort veg til denne som leiar ein mot Stord, Sunnhordland, Bergen

Figur 1: skulen og båthamna er nokre av styrkane til Sunde

3.2 Svakheiter (Kva er mindre bra)

- Trafikale tilhøve:
  - Tronge trafikktilhøve
  - Tungtrafikk (ikkje dimensjonert, stor slitasje)
  - Trafikktryggleik dårleg
  - Hovudveg er smal
  - Manglar gang/sykkel – veg (ned Hamrabrekko og langs FV)
  - Manglar lys
  - Farleg trafikk, trafikkproblem
  - Kollektivtrafikk mangelfull (for få bussar)
  - Manøvrering av bru- treng system
  - For mange brukar bil (for korte avstandar)

- Mangel på funksjonar
  - Manglar fritidstilbod
  - Få aktivitetar for barn / unge i bygda
  - Manglar idrettslag, korps (kanskje fordi ein ligg for nær Husnes)
  - Saknar fleire møtestadar, aktivitetsarenaer for alle aldrar t.d. aktivitetspark
  - Manglar butikk (særleg matbutikk)
  - Manglar kafé/ pub/ utestad og andre liknande møtestader
  - For stor spreiing mellom ulike aktivitetshus
  - Treng betre kulturliv, breiare tilbod
  - Fare for nedlegging av skulen
  - Manglar marina/ gjestebåthamn m/ bunkring, vertskap, drivstoffylling
  - For lite areal til å ta i mot båtar med høg mast/ seglbåtar
  - Begrensningar på areal i strandsona
  - Manglar område tilgjengeleg for ålmenta i strandsona/ tilgang til sjø
  - Bustadmangel/ mangel på bustadfelt
  - Nedlegging av ferjekai

- Industri, lyd og lukt, søppel:
  - Lyd- og lukt ureining og søppel i Sunde sentrum (særskilt frå Vikingfjord)
  - Ein del boss langs strandlina
  - Feitt frå industri (og anna forsøpling/ ureining)
  - Industri, særleg Alsaker fjordbruk

3.3 Moglegheiter

Gruppe 1-1

Gruppe 1-1 foreslår at strandlina i sentrum, på begge sider av brua, bør vidareutviklast med bunkringstad for båtar, næring, gjestebrygge, møteplassar, kultur, fellesaktivitetar og sjøbadstu. Gruppa foreslår og ferjeanløp på den gamle ferjekaien.

Figur 2: Skisse, gruppe 1-1

Gruppe 1-2

Gruppe 1-2*:*

- Foreslår at strandlina i sentrumsområdet, på austsida av brua, vert eit maritimt område med badestad, badeland, friluftsbad og at det vert møtestader langs strandlina, kanskje i gamle Vikinghallen (Vikingfjord). Gruppa vil leggja ned Vikingfjord, evt. flytta verksemda ut av Sunde sentrum
- Har to forslag til plassering av eldretun, men gruppa presiserer at det berre bør vere eitt eldretun på Sunde:
  - Eldretun på jordene på vestsida av brua (vest for Furenesvegen/ Jensavegen)
  - Klyngetun med eldrebustader i eit område nord for skulen
- Foreslår at bustadfeltet på Sunde kan utvidast mot nord og at ein opparbeider leikeareal heilt i nord (v/ Trollskogen).

- Foreslår at ein får bustadareal på Opsangerneset
- Foreslår at parkeringa på Sunde ferjekai vert utvida

I tillegg har gruppa oppgjeve at dei ønskjer ulike bustadtypar på Sunde; eldretun, klyngetun, men ikkje blokkbusetnad. Dei meiner elles at Sunde både er Rørvik, Bjelland, Opsanger og Grønstøl.



Figur 3: Skisse, gruppe 1-2

Gruppe 1-3

Gruppe 1-3 har og fokus på strandlina på begge sider av brua og ser for seg at området ved Vikingfjord kan innehalde bustad, butikkar, turisme og kontor. Dei ser, sams med gruppe 1-2, for seg at bustadområdet nord for skulen kan utvidast nordover og at ein kan få til ein leikeplass/ møteplass i same område. Innerst i Opsangervågen foreslår dei «tung næring».

I tillegg har dei foreslått sykkelstiar i Trollskogen og sykkelsti heile vegen til Husnes (ikkje vist på skissa)**.**

Figur 4: Skisse, gruppe 1.3

Gruppe 1-4

Gruppe 1-4 meiner området på austsida av brua i sørleg del (sør for brua), bør ha eit tydeleg fokus som ein «Bygdafront». Vikingfjord- tomta bør utviklast med handel og storkiosk og restaurant/ bar, tilknytt arbeidsplassar. Ein kan ha noko lett industri som for eksempel sykkelreparatør her. Nord for brua på same side ser dei for seg ein strandpromenade.

Dei foreslår og eit par nye bustadområde (sjå skissa) samt ridebane på jordet aust for skulen. Det bør leggjast til rette for ladestasjonar for bil og båt. Hamrabrekko bør ha gang-/ sykkelsti og generelt bør det leggjast betre til rette for mjuke trafikantar. Tilgang til sjø for alle er og nemnd av gruppa. Industrien bør samlast innerst i Opsangervågen. Ferja bør gå til Sunde.

Figur 5: Skisse, gruppe 1-4

Gruppe 1-5

Gruppe 1-5 har på skissa si sterkt fokus på Bergslagen (Sunde kyst og litteratursenter) og ser for seg at dette utviklast som ein møteplass og aktivitetsplass med arrangement av ymse slag. Bygget bør innehalde kafeteria/ serveringsstad og vere ein kulturstad med museum. Det vert i tillegg foreslått badeplass i Skreddarvika sør for Bergslagen. Den gamle ferjekaien kan og vere ein mogeleg badeplass.

Båthuset ved båthamna bør vere ein samlingsstad og det vert foreslått volleyballbane/ tennis vest for båthuset. Ridebaner vert foreslått på ulike jorder ved garden som ligg ved skulen.

Gruppa meiner vidare Sunde bør utviklast som ei grøn bygd. Det er forslag om el-båtar.



Figur 6: skisse, gruppe 1-5

4 Referat – bord 2: Å ta vare på Sunde

Kva bør ein ta vare på og vidareutvikle/ bygge vidare på - kulturminne/ bevaring (vern gjennom bruk?), identitet, naturvern, historiske plassar, stadnamn, osb.

4.1 Styrker (kva er bra)

- Båtliv, båthamn
  - Maritimt miljø
  - Kyst/ strandline
  - Attraktiv og velhalden båthamn
  - Attraktivt nærområde for fiske/ fangst
  - Stor og god hamn

- Natur, rekreasjon:
  - Attraktive, godt tilrettelagte og lett tilgjengelege turområde. Turstiar, gapahukar, merka vegar/ plasser. Turlag som lager løyper i skogen. Trollskogen, Fenafjell, Storarøysa, Vågeminne
  - Gardsbruk/ Landbruk (framleis råd å driva landbruk)
  - Fine område til sjø: Krabbehopen, Bjellandsneset
  - Bading og friluftsliv til sjøs

- Funksjonar:
  - At ein har skule og barnehage på Sunde
  - Grendahuset (Sunde gamle skule)
  - «Friheim» gamle ungdomshus
  - Kystlitteratursenteret (Bergslagen), Grendalaget, Opsangervågen kystlag,
  - Næring
  - Industriarbeidsplassar
  - Aldersbustadene

- Estetikk og særskilte kvalitetar
  - Flott bygningsmasse (Sundsgarden)
  - Konsentrert
  - Kystkultur, «Strandstaden», bygdehistorie, historia med sildafabrikk og Gravdal båtbyggjeri
  - Kulturmiljø, historiske stader, gamle bygg, kaianlegg, Gamleskulen, gamle naust

- Menneska
  - Mange eldsjeler
  - Mange pensjonistar som står på for bygda

- Geografi/ kommunikasjon
  - Sentralt kommunikasjonsknutepunkt

4.2 Svakheiter (kva er mindre bra)

- Trafikkale tilhøve:
    - Tungtrafikk til Vikingfjord
    - Trafikkproblem
    - Overgrodde vegar og stiar
    - Manglar ferje

- Mangel på funksjonar
    - Manglar trening/ fritidstilbod
    - Manglar butikk (særleg matbutikk)
    - Få uformelle sentrale samlingstader
    - Manglar kafé (restaurant)
    - For få grøne lunger (samlingstader)
    - Manglar badestrand
    - Manglar gjesteplass for båtar, bubil og diesel/ bensinfylling
    - Betre stiar ut til historiske plassar i Bjellandskogen
    - For få tomteområde
    - Manglar p-plassar til Sunde kyst- og litteratursenter. Dette er avgjerande for drifta av senteret. Manglar og badestrand nær senteret.
    - Byggebegrensningar i strandsona

- Menneska/ organisasjonane
    - For mange lag/ organisasjonar som kjempar om dei same midlane? Eks: Bergslagen, Båtlaget, Grendalaget

- Estetikk og kvalitetar
    - Industriområde som er lite «fine» å sjå på
    - Bebyggelse tett på riksvegen
    - Lite planlagde/ godt tilrettelagte bustadfelt
    - Fiskeindustri i sentrum, Vikingfjord. Dette gir bråk og lukt
    - Fiskefeitt/ skum i Sundsvågen
    - Gamleskulen

4.3 Moglegheiter

Gruppe 2-1

Gruppe 2.1 definerer eit område for «Strandstaden Sunde». Dette området omfattar areal på begge sider av brua og strekk seg og opp til og med skulen. Bergslagen (Sunde kyst og litteratursenter) er peikt ut som sentral samlingsplass. Det er foreslått to mogelege areal for parkering for Bergslagen, eit sør for Bergslagen og eit i nord ved båthamna.

Turområde er vist i nord ved «Trollskogen» og i vest ut mot Bjellandsneset. Det er og peikt ut to område for næring; Opsanger og eit område langs Sundvegen. Dette er område som og inneheld næring i dag.



Figur 7: Skisse. gruppe 1-1

Gruppe 2-2

Gruppe 2-2 foreslår å regulere dei sentrale delane av det historiske Sunde til spesialområde bevaring og presiserer at Sunde er Kvinnherad sitt senter for kystkultur.

Sørleg del av Vikingfjord-området vert foreslått som eit område for framtidig hotell. Nesjaneset , heilt i sør, er peika på som ein fin plass som kan vere ein mogeleg møteplass i framtida.

Gruppa har dei same forslag til parkering for Bergslagen som gruppe 1-1: sør for Bergslagen og ved båthamna.

Skulen og barnehagen er på skissa markert med smilefjes. Dette må tolkast slik at gruppa meiner desse funksjonane er viktig å ta vare på. Det er og presisert at ein framleis bør ha eit aktivt jordbruk og at ein bør merke fartsgrensa i sjø. Jomfrustien i vest er foreslått utvida.



Figur 8: Skisse, gruppe 2-2



Figur 9: Gruppe 2-2. Markering av forslag til område for spesialområde bevaring.

Gruppe 2-3

Gruppa deler området langs sjøen i tre; der området i sør (sør for Vikingfjord-bygningane) er markert med «Ta vare på» , området i midten omfattar Vikingfjord-bygningane (m.fl), brua og Bergslagen. Bergslagen er markert som et viktig område (smilefjes). Vikingfjord er foreslått som pub/ samlingsplass. I området i nord er båthamna markert som ei «flott båthamn».

I tillegg er skulen og barnehagen ringa inn og det er presisert at dette må takast vare på.

Eit område i nordaust (ved Trollskogen) er markert som leikepark og området lenger nord bør, i følgje gruppa, takast vare på som natur og friområde. Det same gjeld eit område i vest (mot Bjelland/ Bjellandsneset). Gruppa foreslår gang-/ sykkelveg og ny veg, på eit strekk langs Sundsvegen.

Figur 8: Skisse, gruppe 2-3

Deltakarar i gruppa har i tillegg notert ned følgjande forslag:

- Å bruka areal på Opsangerneset til bustadareal
- Byggje veg frå Podlen til Grønstøl
- Om skulen forsvinn bør ein nytta arealet til aktivitetspark/ mingleplass

Gruppe 2-4

Gruppe 2-4 foreslår å ta vare på den gamle strandstaden på austsida av brua («Sunde sentrum»). Rotet i sentrum må imidlertid ryddast opp i. Det er eit ynskje om å gjere området finare. Området sør for Vikingfjord er markert som ein mogeleg samlingsplass. Her er det eit særleg behov for opprydding («lagring av rot»).

Bergslagen og Båthamna (huset) er og markert som mogelege samlingsplassar i bygda. Skulen og barnehagen ynskjer dei å ta vare på. Det er markert fleire turstiar på skissa. Gruppa foreslår å gjere

historia kjent med opplysingsskilt langs turvegane. Dei foreslår og å bruke dei gamle stadnamna på skilt.



Figur 9: Skisse, gruppe 2-4

Gruppe 2-5



Figur 10: skisse, gruppe 2-5

Gruppe 2-5 meiner det er behov for å knyta bygda betre saman. Skulen og barnehagen er på skissa markert som «hjertet» i bygda. Området langs strandlina på søraust sida av Sundvågen (ved Vikingfjord) foreslår dei utvikla som ein «Bygdafront» med næring, butikk, marina, restaurant/ pub. Dei presiserer at området bør ha opning til sjø. Eit område langs strandlina/ Sundsvegen nord for bygningane til Vikingfjord er markert som område som på takast vare på. Det er foreslått strandpromenade langs strandlina nord for brua (på austsida av Sundsvågen). Bergslagen er vist som samlingspunkt. I Grønnevågen foreslår dei badeland med veg og parkering. Gruppa meiner elles at næringsområdet på Opsanger treng opprydning.

5 Referat – bord 3: Trafikk

Kollektiv, gang/sykkel, tryggleik, parkering, næringsområde/-bygg, varelevering, korleis kan vi betre tilhøva?

5.1 Styrkar (Kva er bra)

- Kommunikasjon/ trafikk
  - Snøggbåtanløp/ - terminal. Kort veg til denne som leiar ein mot Stord, Sunnhordland, Bergen (men treng fleire avgangar)
  - Tett på framtidig ferje
  - Trafikksikring ved skulen
  - Ringbuss og buss
  - Sykkelsti, sti mot Podlen (Podlen- Slettestølen), fortau i Slettestølen
  - Flott parkering ved skulen
  - Gang/ sykkelveg gjennom delar av sentrum
  - 30-sone og fartsdumpar
  - Fleire tilførselsvegar (gjer det mogeleg å stenge ein ved behov)
  - Fine vegar, men smale
  - Lite trafikk, gjennomgangstrafikk
  - Kort veg til Husnes- fleire alternativ
  - Fartsbegrensningar/ fartsdumpar
  - Båthamn, gode båt tilhøve, båtliv
  - Kort avstand til skule og barnehage

- Natur, rekreasjon:
  - Turstiar- tilgang til natur og friluftsliv
  - Tilgang til sjø
  - Trollskogen

- Funksjonar:
  - At ein har skule og barnehage på Sunde
  - Flott for bustader, eldre
  - Kystlitteratursenteret (Bergslagen)
  - Industriarbeidsplassar/ næringsverksemd
  - Næringsområdet på Opsanger
  - Nyetableringar (Into)

- Estetikk og særskilte kvalitetar
  - Flott sentrum, kultur og bygningsmasse
  - Godt tilrettelagt for eldre
  - Konsentrert sentrum

5.2 Svakheiter (Kva er mindre bra)

- Trafikkale tilhøve:
    - Stor trafikk, tungtrafikk (ikkje dimensjonert, stor slitasje)
    - Trafikktryggleik dårleg
    - Smale vegar
    - Manglar fortau
    - Dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar
    - Dårleg skuleveg
    - Vegstrukturen
    - Smal veg i sentrum medfører auka trafikk i bustadfelta
    - Gjennomgangstrafikk via Slettestølen
    - Dårleg og smal veg i Trasbygda
    - Manglar gang/ sykkelveg Opsanger – Sunde- Reset (livsfarleg)
    - Manglar fortau frå Hamrabrekko over Slettestølen
    - Manglar løysing for mjuke trafikantar over brua

- Parkering
    - Manglar parkeringsplassar til Sunde kyst- og litteratursenter. Dette må ein ha på plass for å få i gang drift
    - Manglar parkering for turområda
    - Parkering for tungtrafikk i «Sundsgarden»

- Kollektiv:
    - Kollektivtilbodet er dårleg
    - Røyrvik har dårleg bussforbindelse (ungdomsskuleelevar). Manglar busstopp på Mushaug
    - Manglar ferje til Sunde

- Forureining frå Vikingfjord
- Bygningsmasse som krev vedlikehald

5.3 Moglegheiter

Gruppe 3-1

Gruppe 3-1 foreslår en open front med leilegheiter/ overnatting ved dagens Vikingfjord, sjå skissa. På Nesjaneset vert det foreslått marina/ butikk og rorbuer. Også i strandlina nord for brua er foreslått tilrettelegging for rorbuer/ naust. Generelt meiner dei at ein bør kunne nytta naust til andre føremål og at dette vil skape meir liv. Ein bør legge til rette for turisme med betre og fleire attraksjonar (fisketurisme) og båthamn med maritimt miljø

Gruppa ønsker ferje og snøggbåt på ferjekaia. Industrien bør behaldast i industriområda, dvs. på Opsanger.

Figur 11: Skisse, gruppe 3-1

Vidare har dei foreslått:

- Gangveg langs Sundsvegen (framfor Sundvegen 148 mfl.)
- Opprusting av gamlevegen frå Røyrvik
- Avlastningveg på Kaldestad mot Husnes

Gruppe 3-2

Gruppa fokuserer på Sundsvegen og Vågsvegen og området ved skulen og markerer dette som eit trafikktryggleik-område. Det er behov for gang-/sykkelvegar og betre / breiare veg. På skissa er særleg Vågsvegen markert som et strekk der det er behov for breiare veg.

Dei foreslår to areal for parkering for Bergslagen; eit sør for Bergslagen og eit ved båthamna. Generelt meiner dei det er behov for parkering i Sunde sentrum for aktivitetar. Det er og behov for kafé og butikk på Sunde.



Figur 12: Skisse, gruppe 3-2

Gruppe 3-3

Figur 13: Skisse, gruppe 3-3

Gruppe 3-3 har særleg fokus på Vågsvegen og har på skissa vist denne med fortau og 30-sone. Brua vert foreslått med rabatt. Parkering for Bergslagen er vist ved båthamna. Generelt meiner dei det er behov for fortau og g/s-vegar. Utviklinga på Sunde bør opna for turisme og næring innan turisme.

Gruppe 3-4



Figur 14: skisse, gruppe 3-4

Gruppe 3-4 foreslår at strandlina på austsida av brua (både nord og sør for brua) vert nytta til bustad, butikk, turisme, bademoglegheiter. Den tunge næringa bør ligga i næringsområdet Opsanger.

Av trafikale tilhøve foreslår dei:

- Fortau langs Sundsvegen
- Vegutbetring i eit område langs Sundsvegen (sjå skissa)
- Fortau og lys langs Vågsvegen
- Vippebru slik at ein kan få auka trafikk inn vågen (turisme ++)
- Veg frå Podlen til Grønstøl
- Veg (turveg?) frå Fenafjellsvegen/ Hamrabrekko til Podlen og Grønstøl (sjå skissa)
- Ferja tilbake til Sunde. Ferjekaia utvidast med parkeringsareal og ladestasjon.
- Bustadbygging på Opsangerneset med tilhøyrande vegutbetring.

Gruppe 3-5

For gruppe 3-5 er det ikkje utarbeida noko skisse, men dei har foreslått:

- Å prioritera gang-/ sykkelnett
- Å etablera parkering til kulturtilbod
- Å laga gangfelt frå Slettestølen til skulen
- Lys på vegar og stiar

6 Referat – bord 4: Bustad og næringsliv

Korleis er tilhøva i dag? Treng vi fleire bustader og arbeidsplassar, og kor?

6.1 Styrkar (kva er bra)

- Natur og rekreasjon:
  - Sjønært -livet rundt sjøen
  - Båthamn
  - Nærleik til turstiar
  - Mot Høylandsundet – ein kilometer med strand

- Funksjonar:
  - Skulen i midten- ungane i midten av samfunnet
  - Kort veg til skule og barnehage
  - Vekst på skulen
  - Skulen skapar aktivitet
  - Industri
  - Eit visst næringsliv
  - Vikingfjord
  - Positivt at det kjem nye bustadtomter/-område
  - Potensiale for fleire bustader

- Estetikk og særskilte kvalitetar
  - Landleg og trygt
  - Nært og tett
  - Balansegong urbanisering og landbruk. Sauen i landsbybiletet.
  - Her har du luft for bustadene. Bustadtettleiken er ikkje så stor – og heller ikkje så høg!

- Menneska
  - Spedt i alder

- Geografi/ kommunikasjon
  - Sentralt, både i Kvinnherad og Sunnhordland
  - Gode kommunikasjonar ut
  - Landleg på Sunde, men kort veg til Husnes
  - Hurtigbåten er nær.
  - Kort arbeidsveg – lett å pendle til Stord m.a.

6.2 Svakheiter (Kva er mindre bra)

- Trafikale tilhøve:
  - Tronge vegar og gater
  - Bratte vegar- tryggleik knytt til dette for eldre
  - Vanskeleg tilgjengeleg for tungtransport
  - Trafikkforhold i høve til folketal. Må ha betre veger og gangvegar før vi opnar opp for meir busetnad

  - At brua ikkje kan opnast

- Mangel på funksjonar
  - Lite nybygging (treng meir hus)
  - Lite bustadområde
  - For trongt og for lite areal til næringsutvikling
  - Mykje gamalt (industribygg) som ikkje er utnytta
  - Usikkerheit knytt til Vikingfjord – uforutsigbart
  - Ligg ved sjøen – men dårleg tilgang til sjøen (ikkje berre bading). Spreidde bueiningar som ligg ved sjøen hindrar tilgang til sjø. Ingen plass eg kan ta med ungane for å «ta i sjøen» utan å «trampe inn på andre sin eigedom»
  - Utryggleik knytt til folketal – skule – arbeidsplass
  - Kommunen største arbeidsplass i kommunen
  - Parkeringsplass

- Estetikk og kvalitetar
  - Behov for meir struktur på næringsområde – fram står rotete som det er no - for spreidd (lite planlagt)
  - Forureining frå Vikingfjord (vasking)
  - Behov for betre tilrettelegging for (båt) turistar
  - Trussel at det kjem fleire høgder på Vikingfjord (utsyn)
  - Bølgevasking frå snøggbåten – senka hastigheit på snøggbåten
  - Naust som står til nedfalls
  - Industri i Sunde sentrum (Vikingfjord)

6.3 Moglegheiter

Gruppe 4.1

Gruppe 4.1 såg ikkje på moglegheiter.

Gruppe 4.2



Figur 15: Skisse, gruppe 4.2

Gruppe 4-2 foreslår at ein legg vekt på ein «Bygdafront» med ein heilskapleg tilgang til sjø i området ved Vikingfjord. Dei foreslår funksjonar som bustad, marina, butikkar, strand, rorbu i dette området med open front (strandpromenade) mot sjøen. Det bør satsast på (tyske) fisketuristar. Næring bør samlast i næringsområdet på Opsanger.

I området ved skulen er det foreslått ridebane. Det vert og foreslått gang-/ sykkelsti langs Hamrabrekko.

Gruppe 4-3

Figur 16: Skisse, gruppe 4-3

Gruppe 4-3 foreslår Bergslagen som ny næring – slipp, diesel, kai osv. Parkering er foreslått sør for Bergslagen og/ eller ved småbåthamna.

Gruppe 4-4

Gruppe 4-4 foreslår følgande:

- Vikingfjord som næringsareal og vidare mot Opsanger
- Båthamn/gjestehamn utanfor Vikingfjord – opnar for turisme – så fleire tør å starte
- Fleire båtanløp her
- Fleire rorbuer – heve fasadeutrykket
- Fleire stupebrett og brygger
- Uutnytta parkering ved skulen 2 månader i året - bubilparkering?
- Ridebane
- Fleire turstiar

Gruppe 4-5

Gruppe 4-5 foreslår følgande:

- Store utbyggingsmoglegheiter til bustader utan fortetting!
- Kystlinja Sundsneset. Utviklast til bustad og butikk
- Utvide båthamna
- Ønskje ikkje større industri inne i Sunde
- Båtturisme, bubilturisme
- Badeland langs Sundsneset
- Utbygging opp mot Kaldestadåsen – bustader, leikeplass, møteplass
- Småbutikkar, bakeri, kafé, dieselfylling for båt, nisjebutikkar ala Bekkjarvik

7 Referat – bord 5: Draumestaden

På dette bordet vart det ikkje fokusert på styrker og svakheiter med Sunde. Deltakarane fekk i staden i oppgåve å tenkje på ein draumestad/ eit ideal og korleis draumestaden, eller det beste derfrå, kunne verkeleggjerast på Sunde.

Til inspirasjon vart det lagt ut bilete frå andre stader og nokre litt spenstige installasjonar. Føremålet med denne gruppa var å tenke litt «ut av boksen» og ikkje vere så opptatt av om tiltaka var så realistiske å gjennomføre.

Av draumestader vart nemnd Skudneshavn, Gamle Stavanger, Bryggen i Bergen og eit område i Nord-Norge, men og lokale stader som Rosendal, Fjellberg og Kolsøya. «Vern gjennom bruk» er idealet for mange. At ein får til aktivitet på stader med lite befolkningsgrunnlag er og sett opp til.

Gruppe 5.1



Figur 17: Skisse. gruppe 5.1

Gruppe 5.1 ser på området langs sjøen sør for brua som eit område der ein må få tilgang til sjø, det må etablerast uterom og skapast aktivitetar. Dei stiller spørsmål ved om ikkje Vikingfjord bør flytte og ein i staden kan gjere om dette området slik at ein kan få utadretta funksjonar som kafé og bakeriutsal i 1. etasje. 2 etasje kan nyttast til kontor. Ytterst på neset i sør (sør for Vikingfjord) vert

der foreslått badeland. Badeland kan imidlertid og/ i staden etablerast i Grønnevågen eller vest for båthamna. Ein kan gjerne ha ei flytebrygge (for stuping etc.) i Sundsvågen**.**

Det bør byggjast tursti nordover langs den gamle skulevegen til Pollen/ Kallestad og det bør leggjast til rette for ei turløype for rullestol frå Pollen rundt Grønnstøl. Ved Trollskogen kan ein byggja ein leikepark og denne kan gjerne vere støyande då den vert plassert i noko avstand frå bustadene.

Ferja må gå til Sunde og det må byggjast gang-/ sykkelveg fram til ferjekaien.

Deltakarane var elles opptatt av at ein treng å samle idear, folk og ressursar for felles utvikling.

Gruppe 5.2

Figur 18: Skisse, gruppe 5-2

Gruppe 5.2 meiner det er behov for badeområde med stupebrett som er meir tilgjengeleg enn i dag. På skissa er dette foreslått sør for Vikingfjord – bygningane eller i vestre del av båthamna.

Området ved Vikingfjord, sjå skissa, vert foreslått utvikla med fokus på båtturisme med båthamn, hotell og ulike aktivitetar dersom Vikingfjord flyttar. Det bør etablerast overnatting, hotell, pensjonat på Sunde.

Gruppa er opptatt av at ein får til ein samlingsplass i bygda, helst ein gong i veka. Det er behov for ein møtestad for (unge) vaksne med for eksempel quiz/ bingo, mat etc. (samle folk). Pensjonistar har og behov for ein plass å møtast, og då helst på dagtid. Gruppa foreslår ein bygdakafé som pensjonistar kan drive, denne må vere knytt til eit område ved sjøen. Bergslagen kan til dømes nyttast til dette.

(Tidlegare vart lokalet i båthamna nytta til selskapslokale. Når det no kjem bustader i 2.etasje vert dette vanskelegare).

Det hadde vore ein draum å sleppe å dra til Husnes. Då treng ein tilbod, ein bør «ta tilbake Sunde» med butikk og aktivitetar. Kan ein tilby noko som Husnes ikkje tilbyr? «Høgt og lavt» klatrepark bør kanskje kunne etablere seg her. Kan Grendalaget gjere meir? Gruppa foreslår blant anna at Grendalaget eller «Turstiar Sunde» byrjar å organisere gåturar.

Gruppa meiner elles at referansegruppe for områdereguleringa, i tillegg til Grendalaget, bør omfatte fleire t.d FAU, idrettslag, «Turstiar Sunde».

Gruppe 5.3

Figur 19: Skisse, gruppe 5-3

Gruppa foreslår at området ved Vikingfjord utviklast som ein marina med aktivitetar/ samlingspunkt. Det er viktig at ein får seglbåtane inn. Nesjaneset vert foreslått som ei restaurantbrygge, «tapasbrygge», med bar. Området bør ha ei strandpromenade med trapp ned mot sjøen, evt. og strand. Ein kan gjerne ha ei gangbru ut til ei «øy» med sauna. Gruppa meiner det og bør etablerast rorbuer/ overnattingsstader på Sunde.

Gruppa foreslår vidare strandpromenade nord for brua (på austsida), sjå skissa. Dette kan kombinerast med eit område for stupebrett, hoppebrygge, sauna. Det opplysast om at Grendalaget tidlegare har prøvd å få til brygger og hoppeslott innerst i Grønnevågen (nordre del av i Sundsvågen).

Det er ønskje om etablering av ridesenter/ ridebane på garden ved skulen.

Også denne gruppa fokuserer på å få til aktivitet i bygda, skape glød. Kan ein ha bar ein kveld i månaden (ein fredag i månaden) og kan Grendalaget og/ eller 2-3 frivillige dele på å drifte den (dugnad)? Baren kan vere i Bergslagen eller i gamleskulen (Grendalaget eig gamleskulen og leiger den i dag ut til konfirmasjonar). Kafekveldar i Bergslagen er og foreslått.

Gruppa foreslår og eit nytt bustadområde på Opsangerneset.

Gruppe 5.4

Figur 20: Skisse, gruppe 5-4

Gruppe 5.4 foreslår at Vikingfjord- bygget vert omgjort til leilegheiter og Nesjaneset vert satt av til båtliv, bading og hotellverksemd.

Det er og behov for matbutikk på Sunde. Dessutan er tilbod og gode samlingspunkt for alle aldra, særleg unge, er eit ønskemål. Kaféliv er ønskjeleg. Sunde Kyst-og litteratursenter er, og kan, gi ulike

tilbod. Her kan ein treffast over kaffikoppen. Det vert per i dag og arrangert aktivitetar for barn med båtturar m/ fisking og opplæring i sløying av fisk.

Det vert peika på at når ein kjem på ferie hit vil ein trenge aktivitetar for regnversdagar og.

Det er ønskjeleg å utvikle ridebana ved garden som ligg ved skulen. Det kan då arrangerast blant anna handikap-riding og rideleirar som skapar tilreisande. Desse vil kunne skape marknad for både butikk, kafé/ restaurant og andre aktivitetstilbod enn riding.

Eit område vest for båthamna vert foreslått til enten sandvolleyball eller parkering for Bergslagen. Gruppa lurer og på om ein kan etablera ein leikeplass ved Vågeminne. Ved utvikling av nytt bustadområde i området vest for brua ber dei om at ein hugsar på å etablere leikeplass der. Ved Trollskogen vert det foreslått «Høgt og lavt» klatrepark.

Gruppa meiner det er behov for betre badefasilitetar og foreslår flytande stupetårn utanfor båthamna med ei gangbru ut. Grønevågen kan og utviklast til badeplass med flytande stupetårn.

Gruppa foreslår og badeplass på Opsangerneset og eit nytt byggefelt (bustad) i same området.

For å binde Sunde saman vert det foreslått å etablere småbåtsamband a la «Beffen» i Bergen fleire stader.

Gruppe 5.5



Figur 21: Skisse, gruppe 5-5

Gruppe 5.5 foreslår at området ved Vikingfjord-bygningane og sørover utviklast som ei gjestehamn med restaurant, taverna, pub og liknande. Området på Nesjaneset bør nyttast til uterom så ein sikrar utsikta. Det vert vist til Fjelberg der ein har restaurant, pub, butikk, trampoline, badeplass, noko som gir ein ideell feriestad. Ein bør få til noko liknande her. Eit område i Nord-Norge er og nemnd som

ideal (Nusfjord?). Her vart det etablert restaurant og i kjølvatnet av dette vart det danna mange turistaktiviteter som ørnesafari, nordlys-turar m.m. Staden er no eit aktivt område.

Området nord for Vikingfjord foreslår gruppa til småskala næring. Bygningane bør bevarast, men ha aktivitet. Nord for brua, ned mot sjøen, foreslår dei rorbuer. Langs heile Sundsvågen, inn til Grønnevika og tilbake forbi Bergslagen foreslår dei strandpromenade. I sør ved Skreddarvika vert det foreslått badebrygge, sauna etc.

Området vest for den nye parkeringsplassen ved skulen bør utnyttast til ein eller annan aktivitet.

Tuftepark og sykkelbane er nemnd som aktivitetar det kan vere behov for/ ønskje om på Sunde.

Då gruppa vart oppfordra til å tenkje litt spenstig vart det foreslått taubane med tilhøyrande restaurant (som på Fløyen i Bergen). Taubane kunne gå frå «sentrum» til Kaldestadåsen med restaurant der eller frå «sentrum» til garden ved skulen og restaurant i løa. Aktivitetsparkar som Mikkelparken eller villmarkssenter vart og nemnd , samt akvarium. Av arrangement vart foreslått ro - løp eller «Rally monte Sunde» (ryggekonkurranse?).

8 Andre opplysningar i samband med folkemøtet

8.1 Sunde kyst- og litteratursenter

Sunde Kyst- og litteratursenter sendte Norconsult rapporten «Sluttrapport frå forprosjektet» i samband med folkemøtet. Her kjem det fram at planen er at Bergslagen skal byggast om og til. I framtida skal Bergslagen innehalde mange aktivitetar knytt til kystkultur og lokallitteratur (enno fleire aktivitetar enn i dag) og det er og planar om selskapslokale/ restaurant/ kafé. I tillegg kjem det fram at Sunde kyst- og litteratursenter ser for seg å vere navet/ motoren for utviklinga av Sunde og at dei meiner at aktivitetane i senteret vil gje ringverknader for næringsliv og andre verksemder i form av besøk frå fjern og nær. Dei ser blant anna seg at det vil bli behov for eit overnattingstilbod i nærområdet.

8.2 E-post med innspel

Det kom inn ein e-post til Norconsult 04.06.2019 frå ein privatperson som ikkje hadde anledning til å delta på folkemøtet. Den inneheld nokre idear som ikkje kom fram på folkemøtet så vi vel å ta den med her:

1. *Sunde er Regionssenteret sitt naturlige ansikt mot sjøen, ei solrik bygd med naturskapt havn både her og der. Dette bør Sunde ha fokus på. Om nokre år er fleire bygder i «Sunderegionen» smelta samen om me arbeider for fortau.*
2. *Faddertanken. Kva med å ha nokre få personar som er litt over snittet interessert i bedriftsetablering (med litt opplæring). Ja, det eg tenker på her er om ein bedrift vil etablera seg på Sunde så er det bra med ein kjent person, gjerne ein «Fadder» over ein 5 års periode, lokalkunnskap kan gjera godt.*
3. *Kva med fortau frå Nesjaneset og gjennom heile bygdo. Fortauet bør vera av ein slik breidde at det er mulig å passera kvarandre med tvillingvogner i bredda.*
4. *Regionen går inn i ein vekstperiode, her må utviklast tomteland. Neste trinn er at Sunde kanskje får nyopning av ein daglegvare, forutset at markedet er der.*
5. *Gangveg frå ferjestøet langs sjøen ut slik at ein ser til Levrane, Kolsøya og rundt Opsangerneset og inn til Valen.*

9 Oppsummering

9.1 Oppsummering styrkar og svakheiter ved Sunde

Styrkar:

- Sentralt plassert både i høve til kommunen, regionen og kommunikasjon ut
- Estetisk fin bygningsmasse, særprega historie som gir identitet
- Trygt, roleg
- Intim tett bygd, men likevel relativt spreidd busetnad som gir luft
- Nærleik til sjø: båtliv, bademoglegheiter, utsikt, fiske
- Nærleik til natur: turområde
- Landbruk, dyreliv -inne i bygda. Rideskule/ ridemiljø
- At ein har skule og barnehage på Sunde og at desse ligg sentralt med kort skuleveg
- Lag og organisasjonar, stor frivilligheit: Kyst- og litteratursenteret (Bergslagen), Grendalaget, dykkeklubb, Husflidslag, Opsangervågen kystlag, båtlag, bedehus, kunstnarmiljø, Turstiar Sunde
- Industriarbeidsplassar/ næringsverksemd.
- Menneska: Godt samhald, «Alle kjenner alle», samansett befolkning, god blanding av gamal og ung, mange eldsjeler
- Aktivitetar, festivalar, fellesaktivitetar

Svakheiter:

- Mangel på møtestader; kafé, restaurant, pub, uterom, grøne lunger/ leikeplassar etc.
- Mangel på fritidstilbod
- Mangel på butikk (særleg matbutikk)
- Manglar område tilgjengeleg for ålmenta i strandsona/ tilgang til sjø
- Dårleg trafikktryggleik: smal veg, tungtrafikk, manglande fortau/ gang/ sykkelvegar, manglande lys
- Mangelfullt kollektivtilbod
- Manglar marina m/ bunkring, vertskap, drivstoffylling. Kan ikkje ta i mot båtar med høg mast.
- Bustadmangel/ mangel på bustadfelt
- Industri som skapar lyd og lukt, søppel (særskilt Vikingfjord)
- For trongt og for lite areal til næringsutvikling, rotete
- Mykje gamal bygningsmasse (industribygg) som ikkje er utnytta

Trugslar/ usikre moment:

- Kjem skulen til å bli lagt ned?
- Kva ønskjer Vikingfjord? Vil dei bli verande eller ikkje?

9.2 Oppsummering moglegheiter på Sunde

Idedugnaden ga mange gode innspel som vil bli vurdert i det vidare arbeidet med planprogram og områderegulering av Sunde. Av sentrale moment, som verkar å vere felles for mange av gruppene, kan følgjande trekkjast fram:

- Skulen og barnehagen er viktig for Sunde og må bevarast og evt. vidareutviklast.
- Bergslagen er viktig. Her er det stort potensial for å få til mykje av det dei frammøtte ynskjer seg, særleg med omsyn på aktivitetar/ møteplass.

- Mange meiner Vikingfjord bør flytte og ser at dette då opnar for store moglegheiter for utviklinga av Sunde då arealet er attraktivt. I dette området er det foreslått utadretta funksjonar som marina/ gjestebrygge, storkiosk/ butikk, restaurant/ kafé/ pub/ bakeri og hotell/ rorbuer , men og bustad og kontor (gjerne i 2.etasje). Ikkje minst vil imidlertid frigjering av arealet gi betre tilgang til sjø og det er foreslått strandpromenade, badeplass og torg/ plass. Særleg Nesjaneset er attraktivt i så måte då man her har flott utsikt.
- Strandpromenade er og av fleire foreslått vidare nordover frå Vikingfjord-området, nord for brua. Her er det og foreslått rorbuer. Nokre har og foreslått strandpromenade på vestsida av Vågen (ved båthamna og Bergslagen).
- Området ved båthamna er og av nokre nemnd som ein del av ei sentrumsutvikling/ ein samlingsstad for bygda.
- Dei fleste synes å ynskje å bevare den småskala strandstaden, dvs. bygningane i sentrum/ langs Sundsvegen. Småskala næring er foreslått.

Elles er det i mange grupper/ ved mange bord foreslått:

- Ulike forslag til plassering av badeplassar eller badeland
- At bustadfeltet nordaust for skulen vert utvida nordover
- Leikepark, evt. «Høgt og lavt» -park i området ved Trollskogen
- Bustadfelt på Opsangerneset
- Ulike plasseringar av aldersbustader
- Ridebane ved skulen
- Turløype Stølen/ Hamrabrekko-området til Grønnestølen og Podlen
- Gang/ sykkelveg langs Sundsvegen, Vågsvegen og Hamrabrekko
- Nye parkeringsplassar for Bergslagen
- Sandvolleyballbane vest for båthamna (same areal er og foreslått som parkering for Bergslagen)
- At brua endrast til vippebru slik at ein kan få inn seglbåtar
- Ladestasjonar for bil og båt
- Ferja tilbake til Sunde, utvida parkering (med ladestasjon) ved ferjeleiet

Av idedugnaden kom det og fram at det kunne vore nyttig med prosessar som kan bidra til etablering av ny næring og nye aktivitetstilbod på Sunde. Følgjande konkrete forslag er komen inn:

- At pensjonistar kan drive ein bygdakafé (i til dømes Bergslagen)
- Bar og/ eller kafékveld (i til dømes Bergslagen) ein kveld i månaden driven av Grendalaget eller 2-3 frivillige
- At Grendalaget eller «Turstiar Sunde» kan arrangere gåturar
- At verksemder som ynskjer å etablere seg kan få ein fadder med lokalkunnskap (innkomen som skriftleg forslag før idedugnaden)

Alle forslag er ikkje tatt med i oppsummeringa, men referatet vil bli gjennomgått nøye slik at forslaga vil bli vurdert i det vidare arbeidet.

9.3 Avsluttande kommentar

Idedugnaden hadde deltaking frå ålmenta, lokalt foreiningsliv og frå kommunen, men mindre frå lokalt næringsliv. Vi vonar difor det er mogeleg å få det lokale næringslivet sterkare med i det vidare arbeidet.

Det var eit godt og aktivt diskusjonsklima rundt kaféborda og idedugnaden ga mange gode innspel som vil bli vurdert i det vidare arbeidet med planprogram og områderegulering av Sunde. Idédugnaden fungerte godt i høve til forventningane, og ga ein god felles oppstart for medverknad på Sunde.

Vi rettar stor takk som til alle som brukte av si fritid og deltok aktivt i dugnaden!